**DEN NORSKE KYRKJA**
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

# Innkalling til møte

**Utval:** **Aukra sokne- og fellesråd (SFR)**
**Møtedato:** **Torsdag 19. september 2024**
**Møtetid:** **Kl. 18.00 – 21.25**
**Møtestad:** **Møterommet på Kyrkjelydshuset**

**Innkalla medlemmar i sokne- og fellesrådet:** Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Britt Karin Hagen Laastad, Therese Hildre Solem, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vågøy, Kristian Finn Risung og Berit Cecilie Huse (10).

**Kopi til varamedlemmar:** Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Gunnar Kolflåth, Knut Oterhals, Odd Jørgen Nilsen og Grethe Lystad Johnsen.

***Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post*** *max.mork@aukra.kommune.no*.
***Varamedlemmar får innkallinga til orientering, men treng berre å møte ved nærare innkalling.***

**Opning**

## SAKLISTE

**Sak 65/24** **GODKJENNING AV:**
**A. Innkalling**
**B. Sakliste**
**C. Referat frå møte 22.08.2024**
**Sak 66/24** **Kantorstillinga – status og vidare prosess** (u. off., Off.lova § 25) *(FR-sak)*
**Sak 67/24** **Planlegging av minnelund på Aukra kyrkjegard** *(FR-sak)*
**Sak 68/24** **Prosjekt om utgreiing av samarbeid mellom nabofellesråd** *(FR-sak)*
**Sak 69/24** **Forslag på kandidatar til KA sitt landsråd** *(FR-sak)*
**Sak 70/24** **Økonomirapport pr. 01.09.24** *(SFR-sak)*
**Sak 71/24** **Rapportar frå komitéleiarane** *(SR-sak)*
**Sak 72/24** **Referat- og orienteringssaker** *(SFR-sak)*
**Sak 72/24-1** **Referat frå møte i AU 05.09.24**
**Sak 72/24-2** **Ny merking av russiske krigsgraver på Aukra kyrkjegard**
**Sak 72/24-3** **Utlysing av kyrkjeverjestillinga**
**Sak 73/24** **Eventuelt**

Aukra 12.09.2024
Erlend Melby (s)
Leiar

Max Ingar Mørk

**DEN NORSKE KYRKJA**
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

# MØTEREFERAT

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Aukra sokne- og fellesråd (SFR)** |
| **Møtedato:** | **Torsdag 22. august 2024** |
| **Møtetid:** | **Kl. 19.00 – 21.25** |
| **Møtestad:** | **Møterommet på Kyrkjelydshuset** |

**Desse møtte:**
Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vågøy, Edvin Magne Nybø, Gunnar Kolflåth, Kristian Finn Risung og Berit Cecilie Solem (9).

**Forfall:** Per Arne Rindarøy, Britt Karin Hagen Laastad og Therese Hildre Solem.

**Sekretær**: Max Ingar Mørk

**Opning**. Erlend las dagens bibelord frå Bibelselskapet: Salme 37, 1-7.

**Sak 53/24 GODKJENNING AV:**

A. **Innkalling**
Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

B. **Sakliste**
Saklista blei godkjent. Det blei meldt inn 3 saker under eventuelt.

C. **Referat frå møte 20.06.2024**
Referatet blei godkjent utan merknadar.

**Sak 54/24 Utlysing av stillinga som kyrkjeverje i Aukra**

I samsvar med ønskje frå AU hadde leiar og fungerande kyrkjeverje hatt møte med kyrkjeverja i Molde for å drøfte mogeleg samarbeid og korleis dette burde kome fram i utlysingsteksten til kyrkjeverjestillinga. Møtet vart halde 20.08.24. Kyrkjeverja i Molde førebur ein søknad om midlar frå Kyrkjerådet til eit prosjekt om utgreiing av aktuelle samarbeidsformer i det nye prostiet som frå nyttår vil omfatte heile Romsdal. Konklusjonen så langt var at ein ikkje kunne konkludere om eit framtidig samarbeid mellom Molde og Aukra, men burde ta inn i utlysinga at ein er i prosess med utgreiing av mogeleg framtidig samarbeid.

På grunnlag av dette, og med utgangspunkt i utlysinga frå 2017, blei det lagt fram eit forslag til utlysingstekst som fellesrådet drøfta. Ut frå innspela som kom fram i møtet vil leiar og fung. kyrkjeverje utarbeide eit forslag til utlysingstekst som blir sendt til fellesrådet på e-post for godkjenning.

Etter dette gjorde fellesrådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesråd vedtek å lyse ut 100 % stilling som kyrkjeverje på dei vilkår som er nemnt i saksutgreiinga og synspunkt som kom fram i møtet.

Ein vil vente med å fastsette tidspunkt og vilkår for utlysing av trusopplærar- og kantorstillingane til kyrkjeverjespørsmålet er avklara.

**Sak 55/24 Justering av reglane for utleige av Kyrkjelydshuset**

Fung. kyrkjeverje Kari gjekk igjennom forslaga til nye reglar for utleige av Kyrkjelydshuset.

I samsvar med innstillinga gjorde fellesrådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesråd sluttar seg til dei framlagte forslaga til endring av utleigeskjema, utleigesatsar og utleigereglar for Kyrkjelydshuset.

Endringane settast i verk straks slik at ein kan hauste erfaringar med ordningane.

**Sak 56/24 Avtale med Nor Tekstil i Molde om dukar til kyrkjelydshuset**

Fung. kyrkjeverje Kari gjekk igjennom avtalen og kva han inneber av nye rutinar i samband med utleige av Kyrkjelydshuset.

I samsvar med innstillinga gjorde fellesrådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesråd vedtek å inngå avtale med Nor Tekstil i Molde om levering av dukar til Kyrkjelydshuset i samsvar med tilbod av 05.07.24.

Når det gjeld utleigeprisen vil ein prøve opplegget eit halvt års tid for å sjå om økonomien går i null, og eventuelt justere prisen når ein har gjort erfaringar.

**Sak 57/24 Utviding av kjølekapasiteten på Kyrkjelydshuset**

Fung. kyrkjeverje Kari orienterte om saka.

I samsvar med innstillinga gjorde fellesrådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesråd vedtek å kjøpe inn det anbefalte kjøleskapet frå Storkjøkkenbutikken for å få tilfredsstillande kjølekapasitet på Kyrkjelydshuset.

Fellesrådet gir samtidig løyve til å gjennomføre dei tilhøyrande tiltaka i kjøkkenet og den tilliggjande bua.

**Sak 58/24 Utbetring av solskjerminga på Kyrkjelydshuset**

Fung. kyrkjeverje Kari informerte om saka.

I samsvar med innstillinga gjorde fellesrådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesråd vedtek å gjennomføre dei tre prioriterte tiltaka for betre solskjerming på Kyrkjelydshuset i samsvar med tilbodet frå Fasadeprodukter.

**Sak 59/24 Rapportar frå komitéleiarane**

Følgjande blei rapportert:

| **Utval – person** | **Rapport** |
|---|---|
| Trusopplæringsutvalet + KN-kontakt – Erlend | Førebels ikkje noko nytt å melde. Vil innhente innspel frå folk som har jobba med trusopplæring og har erfaring med kva som fungerer. |
| Gudstenesteutvalet – Edvin Magne | Har snakka med fleire som vil vere med. Vil samle dei i haust og høyre kva dei vil. |
| Diakoniutvalet – Kari | Aktivitetar: Minnesamvære og onsdagskafe. Ønskjer fleire frivillige. Har tankar om kven ein vil spørje. |
| Bygg, gravplass – Anne Berit | Vannpostane og gjerda på kyrkjegarden er måla i sommar. Neste år bør Kyrkjetova målast og oppgraderast utvendig. Bør kome i gang med å planlegge minnelund. Asplan Viak har kome med tilbod via Nils L. Sæther |
| Interiør og liturgisk utstyr – Anne Berit (for Britt K) | Torill Einara Nerbøvik vil vere med. Ho er varaordførar og arkeolog og har hjarte for gamle ting |
| … med fokus på Julsundet – Marta Kristin | Vil prøve å rekruttere litt folk lokalt. Vil nullstille arbeidet og starte på nytt. Domprosten blir med. |
| Misjonsutvalet – Kari, Anne Berit | Misjonsbasaren er i rute. Innsamlinga av klede går svært godt. |
| Info.utval/PR-avdeling – Per Arne | Arbeider med jubileumsplanlegging i 2025. |
| HMS – Hans Kristian | Vil hjelpe til med risikovurdering når ny kyrkjeverje er på plass. |

Soknerådet slutta seg elles til følgjande generelle retningsliner:

- Soknepresten er ein ressurs som det er naturleg å trekke inn i alle utvala etter behov, men utan at han er vald inn som fast medlem i nokre av dei.
- Utvalsleiarane arbeider med å rekruttere medlemmar og etablere utvala i løpet av hausten. Ein tek sikte på at utvala blir formelt oppnemnt på nyåret.
- Sjølv om utvala førebels ikkje har noko formelt mandat, har dei handlingsrom til å teste ut eller sette i verk aktuelle tiltak innanfor sine område utan nærare godkjenning. Tiltak som krev store økonomiske eller personellmessige ressursar må klarerast med leiar og kyrkjeverje.

**Sak 60/24 Jubileumsmarkering i 2025 – oppnemning av komité**

Per Arne har hatt møte med ordføraren og fått svært positiv respons. Det hastar med å lage ein plan og ein prosjektsøknad. Jubileet er eit kyrkjeleg arrangement, men må også femne om kultur og historie.

Ein bør også få til noko som blir ståande i ettertid, t.d.:

- Gjere Påskeliljemarka meir tilgjengeleg med stiar, benkar og skilt.

- Undersøke mogeleg støtte frå KORO (Kunst i offentlige rom) til ein skulptur.
- Engasjere linja Kunst, arkitektur og design på Molde vg. skole.

Per Arne hadde forfall til møtet. Leiar tek kontakt og følgjer opp.

**Sak 61/24 Revidert gudstenesteplan for hausten 2024**

Ein e-post frå domprosten av 13.08.24 blei referert. Hennar kommentar var at *«når det i særlig grad er gudstjenestene i Julsundet som blir redusert, så henger det også sammen med ønsket om å arbeide med en revitalisering av dette arbeidet.»*

I samsvar med innstillinga gjorde soknerådet slikt samrøystes

**Vedtak:**

> Aukra sokneråd godkjenner den reviderte gudstenesteplanen for hausten 2024.
>
> Dei oppsette offerføremåla på dei gudstenestene/arrangementa som utgår, blir strokne.

**Sak 62/24 Planlegging av aktivitetar hausten 2024**

Soknerådet gjekk igjennom lista over arrangement hausten 2024 og gjorde ymse vurderingar og suppleringar.

**Vedtak**:

Aukra sokneråd sluttar seg til følgjande plan for ansvarlege ved aktivitetar i Aukra sokn hausten 2024:

| **Arrangement** | **Dato** | **Hovudansvarleg/ koordinator** | **Andre frivillige** |
|---|---|---|---|
| Kyrkjekaffi i KLH med avskilsmarkering for Elizabeth og Evy | Sø. 8.09 | Erlend<br>(Han kontaktar dei to som har slutta) | Flest mogeleg frå SR |
| Country-kveld på KLH | Sø. 22.09, 06.10 eller 10.11. Kari avklarer. | Riggar sjølv | Treng ein lokal kon-taktperson til stades |
| Allehelgenskonsert i kyrkja | Aktuell dato tys. 05.11 | Kristian | |
| Førjulsamkome på KLH | Fredag 29.11 | Anne Berit og Kari | Flest mogeleg frå SR |
| Konsert med SKRUK i kyrkja | Laurdag 07.12 | Riggar sjølv. Kyrkjetenar til stades | 2 brannvakter? |
| Julekonsert i Julsundet og i kyrkja | Sø 08.12 | Jens Petter har sagt ja til å vere koordinator | Treng personar til rigging i Julsundet |

**Sak 63/24 Referat- og orienteringssaker**

**Sak 63/24-1 Referat frå møte i AU 08.08.2024**

Referatet blei teke til vitande.

**Sak 63/24-2 Avtale med tidl. kyrkjeverje** (u. off.; Off.lova § 25)

I sak 43/24 hadde fellesrådet gitt leiar og nestleiar fullmakt til å godkjenne den endelege avtalen. Avtalen var no godkjent og underteikna av begge partar. Leiar gjekk igjennom avtaledokumentet, som blei teke til vitande.

Kristian las ei helsing frå tidlegare kyrkjeverje til staben der ho takka for tida dei hadde arbeidd saman.

**Sak 64/24 Eventuelt**

**Sak 64/24-1 Offersøknad frå presten i Hustad fengsel**

Det låg føre søknad frå fengselsprest Karl Mc Allister om offer til prestetenesta i Hustad fengsel. Soknerådet sendte søknaden over til gudstenesteutvalet for vurdering i 2025.

**Sak 64/24-2 Annonsering i Aukranytt**

Det var kome førespurnad frå den nye lokalavisa Aukranytt om annonsering. Soknerådet såg ikkje behov for generell annonsering, men var ope for å kunngjere konsertar og andre einskildarrangement. Eventuelt kan ein tilby å «bytte» annonse med Kyrkjebladet.

**Sak 64/24-3 Kantorstillinga i Aukra** (u. off., off.lova § 25)

Aukra 22.08.2024

| | |
|---|---|
| Erlend Melby (s) | Max Ingar Mørk |
| Leiar | Fung. kyrkjeverje |

**DEN NORSKE KYRKJA**
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

# SAKSUTGREIING

**Utval:** **Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)**
**Møtedato:** **Torsdag 19. september 2024**
**Møtetid** **18.05**
**Møtestad:** **Møterommet på Kyrkjelydshuset**

## Sak 66/24 Kantorstillinga – status og vidare prosess (u. off., Off.lova § 25)

Erlend informerer.

**DEN NORSKE KYRKJA**
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

# SAKSUTGREIING

**Utval:** **Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)**
**Møtedato:** **Torsdag 19. september 2024**
**Møtetid** **18.05**
**Møtestad:** **Møterommet på Kyrkjelydshuset**

## Sak 67/24 Planlegging av minnelund på Aukra kyrkjegard

Det er henta inn tilbod på planlegging av minnelund på Aukra kyrkjegard frå to firma: Asplan Viak og arkitekt Hallvard Huse (sjå vedlegg). Tilboda omfattar heile prosessen frå innleiande møte/synfaring via forprosjekt og detaljplanlegging til prosjektoppfølging. Tilboda er baserte på timepris og timeanslag og gir såleis berre grunnlag for eit prisestimat. Det ser likevel ut til at dei vurderer arbeidsomfanget nokolunde likt og kjem ut med om lag same kostnadsramme totalt.

AU gjekk i møte 05.09.24 inn for å nedsette eit utval til å arbeide vidare med saka. AU ville be Anne Berit som leiar for bygg- og anleggskomiteen om å leie utvalet og elles oppnemne øvrige personar i fellesrådsmøtet 19.09.24. Utvalet kan passeleg bestå av 4 personar; av desse gjerne nokon med relevant fagleg bakgrunn.

AU meinte at utvalet bør gjennomføre eit forarbeid før det blir engasjert arkitekt, der ein vurderer og definerer nærare rammer for arbeidet. Det gjeld t.d. plassering, storleik, utforming, kvalitet og kostnadsramme for minnelunden. Prosjektet omfattar både namna og anonym minnelund.

For å auke «bestillarkompetansen» bør utvalet hente inn informasjon frå andre fellesråd/kommunar og gjerne dra på synfaring til stader der det er gjennomført liknande prosjekt. På den måten vil ein få betre styring med prosessen og truleg kunne spare tid og pengar i planfasen.

Ut frå mottekne tilbod og annan kostnadsinformasjon anslo AU at prosjektet kan gjennomførast innanfor ei samla kostnadsramme på kr. 200 000,- eks. mva., som innarbeidast i budsjettet for 2025.

**Forslag til vedtak**:

Aukra kyrkjelege fellesråd oppnemner følgjande utval til å planlegge minnelund på Aukra kyrkjegard:

1.
2.
3.
4.

Før det blir engasjert arkitekt bed ein utvalet gjennomføre eit forarbeid som skildra i saksutgreiinga.

Aukra kommune, kyrkjekontoret

Att: Nils Lykkeslet Sæther

Trondheim 05.07.24

# AUKRA MINNELUND, PRISESTIMAT PLANLEGGING/PROSJEKTERING

Det vises til mottatt mail datert 01.05.24 samt trivelig telefonsamtale den 15.05.24

I tråd med det vi snakket om på telefon, sender jeg her over et pristilbud på plan-/prosjekteringsarbeider knyttet til evt. etablering av minnelund ved Aukra kyrkje.

Aukra kyrkje ligger i Aukra kommune, og på øya Gossa, nordvest for Molde. Folketallet i kommunen er på rundt 3 000 innbyggere, hvorav flesteparten bor på øya Gossa. Ca1000 innbyggere bor på kommunens fastlandsdel, Julsundet, som grenser til Hustadvika og Molde kommuner.

Aukra kommune har pr i dag ingen minnelund knyttet til Aukra kirke.

Beskrivelse/prisestimat under viser et mulig løp for å få på plass en minnelund knyttet til kirka.

Dersom Aukra kyrkjekontor finner dette interessant, kan vi om ønskelig starte arbeidet rett over sommerferien, alternativt noe senere om det passer bedre.

Oppsettet under forutsetter en enkel opparbeidelse, som kommunen selv utfører. Det utarbeides en enkel verbal beskrivelse i tillegg til arbeidstegninger for minnelunden.

Selve minnesmerke forutsettes ferdigprodusert av andre, men settes opp av kommunen/kyrkjekontoret.

# Leveranse/stipulert budsjett

| Arbeidsoppgaver | Stipulert sum eks mva |
|---|---|
| Innledende møte/befaring<br>Befaring på stedet sammen med representanter for kyrkjekontoret og også gjerne teknisk etat i kommunen.<br>Evt. møte med representanter for kirkelig fellesråd i forkant eller etterkant av beskrevet befaring.<br>Aktiviteten har innberegnet reisetid t/r Aukra. | 15 000 |
| Grunnlagsdata<br>Innhenting og tilrettelegging av grunnlagsdata, kart mm. i forkant av befaring. (Enkel innmåling av område valgt til minnelund utføres av Aukra kommune dersom det er behov for det, etter befaring) | 10 000 |
| Utarbeiding av enkelt skisseforslag til etablering av minnelund ved Aukra kyrkje som grunnlag for diskusjon. | 15 000 |
| Bearbeiding av skisseforslag til omforent landskapsplan for minnelunden. | 20 000 |
| Utarbeiding av detaljer for minnesmerke, dekker, møblering og vegetasjon. Supplert med enkel beskrivelse for opparbeiding i egenregi. | 15 000 |
| Digitalt gravkart (SOSI-format) iht. krav i gravplassforskriften. | 5 000 |
| Plan for gravplassen. Skriftlig del som sendes til behandling i kommunen sammen planmaterialet i punktene over. Plan for gravplassen skal i neste omgang sendes til og behandles av Statsforvalteren i Vestfold og Telemark (gravplassmyndigheten). | 10 000 |
| Prosjektstyring og kvalitetssikring, div adm. | 10 000 |
| **Stipulert budsjett eks. mva. SUM:** | **100 000** |

Prosjektet utføres etter medgått tid, og evt. overskytende beløp vil da ikke bli fakturert. Evt. behov for økning av honorar varsles før stipulert beløp er nådd.

Møte og befaringer ut over beskrevet omfang faktureres etter medgått tid.

# Alminnelige kontraktsbestemmelser

Som alminnelige kontraktsbestemmelser for dette oppdraget legges til grunn NS 8402 Alminnelige kontraktsbestemmelser for rådgivningsoppdrag honorert etter medgått tid.

# Bemanning og timepriser

Brit S. Johnsen tilbys som ansvarlig Landskapsarkitekt.  Timepris: 1400 eks MVA
Brit har lang erfaring som landskapsarkitekt og allsidig og god kunnskap om kirkegårdsplanlegging, se vedlagte CV med fokus på gravplasser.
Yngre landskapsarkitekt, Roy Anders Hesjedal. Timepris: 1250 eks. MVA

# Prisregulering

Avtalte timesatser skal reguleres etter "Tabell 11117: Konsumprisindeks for varer og tjenester, etter leveringssektor. Gruppe: Tjenester hvor arbeidskraft dominerer" fra Statistisk sentralbyrå. Årlig regulering foretas pr 1. juli hvert år. Utgangspunkt for fastsetting av indeksen er endringen fra mai til mai hvert år. Første regulering gjennomføres 1. juli 2025.

# Biomkostninger og utlegg

I tillegg til honoraret forutsettes følgende biomkostninger og utlegg dekket av oppdragsgiver:

- Kopiering og mangfoldiggjøring av tegninger, notater og rapporter
- Reise og oppholdskostnader. Statens regulativ benyttes
- Annonsering, utsendelse av konkurransegrunnlag og rekommanderte sendinger
- Offentlige avgifter og gebyr

Vi håper dere finner vårt tilbud interessant. Ta gjerne kontakt dersom dere har spørsmål eller ønsker utdypende informasjon om tilbudet. Vi har om ønskelig mulighet til å starte arbeidet rett over sommerferien (fra uke 32). Alternativt på et senere tidspunkt om det er mer aktuelt for dere. Tilbudet står ved lag i 90 dager.

Med vennlig hilsen
Asplan Viak AS

**Sigrid Vasseljen**
Gruppeleder Landskap Trondheim, tlf   92879750

asplan viak

## I Asplan Viak har vi tverrfaglig kompetanse og lang erfaring innen alle typer gravplassoppgaver.

Våre landskapsarkitekter ser helhetlige og miljøriktige løsninger for fremtidens utfordringer, både på plan- og prosjektnivå.

**Kontakt**

*Brit Solveig Johnsen, Landskapsarkitekt*
*brit-solveig.johnsen@asplanviak.no tlf. +4798823907*

*Sigrid Vasseljen, Gruppeleder Landskap Trondheim*
*Sigrid.vasseljen@asplanviak.no tlf. +4792879750*

**Vi prosjekterer og planlegger:**

- *Nyanlegg*
- *Utvidelser*
- *Minnelunder*
- *Gravbehovsanalyser, bidrag til gravplassmeldinger*
- *Reguleringsplaner*
- *Verneplaner*
- *Gravkart digitalisert til SOSI*
- *Mulighetsstudier for nye gravplassarealer*



Moholt minnelund. Skisser: Asplan Viak



Moholt minnelund. Foto: Synlig.no



Navnet minnelund Nøtterøy. Foto: Birgitte Adal



Steinskogen gravlund. Foto: Asplan Viak

MINNELUND

## OPPDRAGSBEKREFTELSE: **SKISSE- og FORPROSJEKT**

Oppdragsgiver : Aukra kyrkje sokneråd.
Kontakt : Nils Lykkeslet Sæter
Sted : Aukra Kyrkje
Gnr./Bnr. : 1/267 & 1/268
Foreløpig arbeidstittel : Aukra Minnelund

### INNLEDNING

Viser til hyggelig telefonsamtale tidligere i vår og sommer. Jeg kan tilby gjennomføring av arkitektfaglig arbeid basert på følgende ønsker:

- Utforming av ny minnelund ved Aukra Kyrkje.

Innhold i leveranse:

- Befaring, møter, innhenting nødvendig info, etablering av tegningsgrunnlag.
- Utarbeidelse av plantegning for området.
- Enkel 3D modell med perspektiver som viser kirken sammen med nytt løsningsforslag.

### HONORAR

**Arbeidet tilbys utført etter medgått tid** **NOK 1000,-/time eks. mva**

Antall timer vill variere. Estimert timeforbruk for dette prosjektet er som følger:

1. Skisseprosjekt, 40 timer
2. Forprosjekt (bearbeiding etter behov/ønske), 20-30 timer
3. Søknad, avklares eventuelt senere
4. Detaljprosjektering (arbeidstegninger), avklares eventuelt senere.
5. Oppfølging på byggeplass, avklares eventuelt senere.

I tillegg kommer eventuelt innhenting av digitalt kartunderlag fra Norkart (rundt 3500 kroner).

Dersom denne oppdragsbekreftelsen ikke senere avløses av kontrakt, gjelder den som honoraravtale for prosjektet. **Tilbudet gjelder til 01.januar 2025.**

2608
HH
2024

Med Vennlig hilsen
**HALLVARD HUSE**
Arkitekt MNAL / daglig leder

**DEN NORSKE KYRKJA**

**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

# SAKSUTGREIING

**Utval:** **Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)**
**Møtedato:** **Torsdag 19. september 2024**
**Møtetid** **18.05**
**Møtestad:** **Møterommet på Kyrkjelydshuset**

## Sak 68/24 Prosjekt om utgreiing av samarbeid mellom nabofellesråd

Aukra SFR har i fleire saker det siste året nytta seg av rådgjeving og tenester frå kyrkjeverja i Molde. Rådet har også drøfta om det er grunnlag for å etablere eit meir formalisert samarbeid med Molde.

Frå Kyrkjerådet er det i haust lyst ut midlar til å gjennomføre lokale organisasjonsutviklingsprosjekt med sikte på samarbeid mellom fellesråd og mellom fellesråd og bispedømeråd. Kyrkjeverja i Molde har registrert ønskje og behov for samarbeid frå fleire av fellesråda i romsdalsprostia, og har sjølv ønska å vere på «tilbodssida» i denne samanheng. Det bør såleis ligge til rette for å gjennomføre eit prosjekt der ein saman kan sjå på aktuelle samarbeidsformer og eventuelt etablere meir formelle avtalar. Ein grunnleggande premiss er at samarbeidet må opplevast positivt for begge partane. Samarbeid kan vere aktuelt på fleire nivå, alt frå full samaslåing av fellesråd til vertsfellesråd til kjøp av ymse tenester eller einskildtenester ved behov. Samarbeidet kan også gjelde innføring av felles rutinar og reglement, rådgjeving innan ulike fagområde eller fagleg kontakt og samarbeid mellom yrkesgrupper.

Som grunnlag for ein søknad om prosjektmidlar har kyrkjeverja i Molde utarbeidd eit notat der det er gjort nærare greie for innhaldet i prosjektet (sjå vedlegg). Dei fellesråda som ønskjer å vere med i utgreiingsarbeidet må gjere vedtak om dette innan Kyrkjerådet sin søknadsfrist 1. oktober 2024.

Fung. kyrkjeverje meiner prosjektet svarer på fleire av dei utfordringane Aukra SFR har stått overfor dei siste åra, og tilrår at fellesrådet sluttar seg til prosjektsøknaden.

**Forslag til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesråd ønskjer å delta i prosjektet om utgreiing av samarbeid med dei andre fellesråda i det nye romsdalsprostiet. Med tilvising til notat frå Molde kirkelige fellesråd av 09.09.2024, sluttar Aukra kyrkjelege fellesråd seg til søknaden om prosjektmidlar frå Kyrkjerådet si tildeling til organisasjonsutvikling.

DEN NORSKE KIRKE
Molde kirkelige fellesråd

# NOTAT


Ref: MKF2024-38-1

Til: Rauma, Aukra, Hustadvika og Vestnes kirkelige fellesråd

Fra: Molde kirkelige fellesråd v/kirkevergen

## Samarbeidsmuligheter nabofellesråd – grunnlag for søknad om prosjektmidler

Kirkemøtet har i behandling av saker om organisasjonsutvikling vedtatt at de ønsker det skal utvikles lokale samarbeidsløsninger mellom nabofellesråd og mellom fellesråd og bispedømmeråd. I denne forbindelse stiller de til rådighet tilskuddsmidler til de som ønsker å vurdere slike samarbeidsløsninger. Molde kirkelige fellesråd har vurdert dette og ønsker med dette å ta initiativ til utvidet samarbeid mellom nabofellesrådene i Romsdalsprostiene.

### Aktuell bakgrunn

I forbindelse med sykdom/vakanse hos kirkeverge opplever vi fort at vi blir sårbare, og mange oppgaver blir vanskelige å få løst. Både Rauma og Aukra har i slike perioder det siste halvåret henvendt seg til Molde og spurt om hjelp til å løse enkelte oppgaver. Med bakgrunn i dette har kirkevergen og administrasjonen i Molde bidratt i Aukra med generell rådgivning, hjelp i tilsettingsprosesser og noe avklaring innenfor økonomirutiner. I Rauma har kirkeverge/administrasjon i Molde bidratt med rådgivning, tilsettingsprosesser, budsjettarbeid, sentralbord/telefonsvar og forberedelse av saker til fellesrådsmøter. I praksis fungerer nå kirkevergen i Molde som kirkeverge i Rauma med egen ansettelsesavtale i kombinasjon med avtale om kjøp av tjenester fra Molde.

Det vi har sett den siste tiden er altså at vi fort blir sårbare, spesielt i de minste organisasjonene, men også i de større. Når vi ikke har flere med samme kompetanse kan det stoppe helt opp og gå utover arbeidet ellers når slik kompetanse forsvinner for kortere eller lengre tid. Vi tror, med bakgrunn i disse erfaringene, at dette kan kompenseres for gjennom et definert samarbeid, der vi kan se kompetanse i sammenheng i et større område eller større organisasjon. Dette vil kunne gjøre alle mindre sårbare for endringer og slik skape større trygghet og forutsigbarhet både for ansatte og rådsmedlemmer.

Med bakgrunn i disse erfaringene ønsker vi å ta initiativ til vurdering av nærmere samarbeid i det som nå blir ett felles prosti fra 2025.

### Mål og hensikt med samarbeid

Målet må hele tiden være at vi skal legge til rette for best mulig arbeid i de lokale soknene. Det er der folk bor, og det er der vi som kirke skal være og tilby møtepunkt mellom mennesker, og mellom mennesker og Gud. Samarbeid mellom fellesrådene må føre til bedre betingelser for at menighetsrådene kan gjøre det de har ansvar for, og ha mest mulig ressurser og hjelp til dette.

Hensikten med samarbeid er også at vi i framtiden skal kunne ha en så robust organisering av den lokale kirken at vi er minst mulig sårbare for endringer og hendelser som oppstår. Vi må legge til rette for at vi klarer å utnytte ressursene vi har på en måte som gir mest mulig arbeid for og blant kirkens medlemmer, og at vi tar effektivt vare på ansatte, kirkebygg og gravplasser. Større økonomi vil erfaringsvis være mer robust, og slik gi mer fleksibilitet til å løse oppgaver. Med et nært samarbeid vil vi også kunne ansette personer med en spesiell kompetanse (eks bygningsfag, økonomi eller personalforvaltning) i ett fellesråd som også kan gjøre oppgaver innenfor dette feltet i andre fellesråd eller for alle. Dette gir til sammen en sterkere organisering.

# Sammenslåing, vertsfellesråd eller kjøp av tjenester? Hvordan samarbeider vi best mulig for å styrke arbeidet i soknene?

Det er mulig å se for seg flere nivåer av samarbeid mellom fellesrådene. Nedenfor skisseres tre forskjellige alternativ.

## Sammenslåing

Hvis vi skal løpe linja fullt ut vil en sammenslåing av flere eller alle fellesrådene være en mulighet. Dette har vi allerede erfaring fra da Midsund, Molde og Nesset ble slått sammen som følge av kommunesammenslåingen i 2020. Så langt opplever vi at dette har fungert godt, og vi tror vi har klart å lage en organisasjon der fokuset på arbeidet i de lokale soknene er det viktigste.

Ved sammenslåing av to eller flere fellesråd vil vi da få en felles økonomi på det nye fellesrådsnivået, felles overordnet personaladministrasjon, og felles forvaltning av kirkebygg og gravplasser. Ansvaret legges til et felles fellesråd som består av representanter for alle soknene, og oppgavene utføres av felles kirkeverge og administrasjon.

Samtidig må de lokale arbeidsfellesskapene (stabene) opprettholdes for å kunne utføre arbeidet lokalt. Disse arbeidsfellesskapene kan ledes av en daglig leder (administrasjonsleder) som leder arbeidet med utgangspunkt i menighetsrådenes planer slik kirkevergen lokalt gjør det i dag. Administrasjonsleder følger opp ansatte og har daglig personalansvar (arbeidsplaner, medarbeidersamtaler mm) for de fellesrådsansatte delegert fra kirkevergen. Administrasjonsleder vil være daglig leder for menighetsrådene og bidra til forberedelse og oppfølging av saker og møter i de lokale rådene.

## Vertsfellesråd

Fellesrådene kan inngå avtaler med nabofellesråd om å overlate ansvar for deler av virksomheten til et annet fellesråd. I kommunene benyttes dette på flere områder, eksempelvis barnevern og PPT. Områder dette kan gjøres på hos oss kan være forvaltning av økonomi, kirkebygg og gravplasser. Med dette alternativet består de lokale fellesrådene, mens daglig oppfølging av disse områdene gjøres av vertsfellesrådet. De lokale arbeidsfellesskapene videreføres som i dag, med kirkevergen som leder selv om noen oppgaver vil gjøres av andre.

Menighetsrådene vil kunne få tilført ekstra hjelp i og med frigjøring av noen av kirkevergens oppgaver.

## Kjøp av tjenester

Ved behov, eller som fast avtale, kan et fellesråd kjøpe tjenester fra nabofellesråd slik vi har sett eksempler på det siste halvåret. I prinsippet kan dette gjøres på de fleste områder i virksomheten, både administrative og utøvende, selv om kirkevergens daglig leder-funksjon for fellesrådet ikke kan kjøpes fullt ut. Arbeidsfellesskapene vil videreføres som i dag og ledes av kirkevergen, og ansvaret for områdene vil være hos det lokale fellesrådet.

Også her vil en kunne se for seg at kirkevergen kan ha større fokus på menighetsrådene i og med at oppgaver løses av andre.

# Samarbeid med prestetjenesten/bispedømmerådet

Kirkemøtet valgte å videreføre kirkens organisering med to arbeidsgivere. Dette betyr at fellesrådsansatte og prestene fortsatt arbeider sammen lokalt med forskjellige arbeidsgivere. Samtidig er det nå tydeliggjort at også prestene er forpliktet på menighetsrådenes planer og ønsker for arbeidet. I praksis ledes fellesrådsansatte av kirkevergen (administrasjonsledere i Molde), mens prestene ledes av prosten. Som en del av en eventuell søknad om prosjektmidler ønsker vi også å se på muligheten for felles ledelse av fellesrådsansatte og prestene i de lokale arbeidsfellesskapene. Dette vil i første omgang bli avgrenset til Molde, med utgangspunkt i de lokale administrasjonslederne, og målet er at løsningene vi eventuelt kommer fram til, enkelt skal kunne tas i bruk i alle arbeidsfellesskap i prostiet.

# Søknad om prosjektmidler

Vi foreslår å søke Kirkerådet om midler til hjelp til nærmere utredning av hvordan vi som nabofellesråd i det nye romsdalsprostiet best kan samarbeide i framtiden. Utgangspunktet for søknaden er punktene som er skissert ovenfor; *Sammenslåing, vertsfellesråd eller kjøp av tjenester? Hvordan samarbeider vi best mulig for å styrke arbeidet i soknene?*, med ovenfor skissert mål og hensikt for samarbeid som det vi ønsker å oppnå.

Søknadsmidlene vil da gå til å dekke innleid gjennomgang av virksomhetene våre der vi kommer fram til forslag til de beste samarbeidsformene hos oss.

Frist for søknad i denne runden er 1 oktober 2024, og prosjektet må startes opp i løpet av 2024.

## Organisering av prosjektet

Vi ser det som naturlig at vi etablerer en felles referansegruppe der lederne i fellesrådene er med sammen med kirkevergene. Denne gruppa vil kunne følge prosjektet tett og ha kontakt med ekstern konsulent.

Det er naturlig å benytte ressurser fra KA til en slik ekstern gjennomgang, da de sitter på nær kjennskap til vår virksomhet. Søknadsbeløp vil dekke to-tre månedsverk til gjennomgangen, sammen med mulighet for noe frikjøp av kirkevergene. Endelig søknadsbeløp vil avklares med KA før søknad sendes.

Fra Molde vil vi kunne stille kirkevergens tid og ressurser til rådighet for gjennomføring av dette.

### Involvering av ansatte/tillitsvalgte

En forutsetning for å få godkjent søknad er at ansatte/tillitsvalgte er orientert om og involvert i prosessen. Dette kan gjerne gjøres lokalt, men vi tar også sikte på å gjennomføre en orientering for alle ansatte på Teams i løpet av september. Undertegnede tar initiativ til dette sammen med lokale kirkeverger.

Det er videre naturlig at ansatte/tillitsvalgte involveres undervegs i prosjektet, og dette følges opp med informasjon i møter både felles og for enkelte ansattgrupper etter behov.

## Vedtak om tilslutning

Forutsetningen for å kunne søke om prosjektmidler til kirkelig organisasjonsutvikling er at alle involverte fellesråd og evt bispedømmerådet, stiller seg bak søknaden. Vi vil med dette oppfordre fellesrådene til å vurdere dette og gi sin tilslutning til søknaden innen 30 september.

De enkelte fellesråd er selvsagt ikke forpliktet på å gjennomføre konklusjonene i utredningen, men vi tror det vil kunne gi et godt grunnlag for valg vi alle må ta de nærmeste årene.

### Forslag til vedtak i de enkelte fellesrådene

Dersom dere ønsker å delta i denne utredningen foreslår vi at dere gjør slikt vedtak i fellesrådet i løpet av september: X kirkelige fellesråd ønsker å delta i prosjekt om utredning av samarbeid med de øvrige fellesrådene i det nye Romsdalsprostiet. Med henvisning til notat fra Molde kirkelige fellesråd datert 09.09.2024, slutter X kirkelige fellesråd seg til søknad om prosjektmidler fra Kirkerådets tildeling til organisasjonsutvikling.

## Vegen videre

Vi er ganske trygge på at vi med et slikt felles prosjekt vil kunne legge til rette for en enda bedre lokalkirkelig organisasjon hos oss, og vi håper derfor alle vil vurdere dette og bli med i prosessen videre. Dersom det blir tilslutning til dette, vil vi følge opp med søknad innen fristen og etablering av referansegruppa så snart som mulig.

Ta gjerne kontakt med undertegnede dersom det er noe som er uklart, eller dere trenger mer bakgrunn eller opplysninger før dere behandler saken hos dere.

Vi ser fram til nært og godt samarbeid til beste for lokalkirken hos oss alle i årene framover!

Molde, 09.09.2024

Hans Jakob Nes
Kirkeverge

**DEN NORSKE KYRKJA**
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

# SAKSUTGREIING

**Utval:** **Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)**
**Møtedato:** **Torsdag 19. september 2024**
**Møtetid** **18.05**
**Møtestad:** **Møterommet på Kyrkjelydshuset**

## Sak 69/24 Forslag på kandidatar til KA sitt landsråd

Det skal i haust veljast nye representantar til KA sitt landsråd for perioden 2025-2029. Landsrådet (tilsvarende generalforsamling) er KA sitt øvste organ og gjer m.a. vedtak om vedtektsendringar og strategiplan, samt vel KA sitt styre. Landsrådet møtest annakvart år, neste gong i april 2025.

Fra Møre bispedømme skal det veljast 3 kandidatar og 3 varamedlemmer. Sjølve valet vil gå føre seg 19. november i år.

Valreglane seier at når det skal veljast 3 representantar, må minimum 2 være rådsmedlemmer. Den siste som veljast kan t.d. vere ein kyrkjeverje.

Det er oppretta ein valkomité leia av kyrkjeverja i Averøy, Kristian Futsæter. Ved e-post av 21.08.24 bed valkomiteen fellesråda i Møre om å kome med forslag til namn som kan stå på ei kandidatliste, både rådsmedlemmer og kyrkjeverjer. Dei som blir føreslått må ha akseptert å bli foreslått. Frist for å komme med innspel til kandidatar er tysdag 1. oktober 2024.

**Forslag til vedtak:**

Aukra kyrkjelege fellesråd føreslår ……. som kandidat til KA sitt landsråd.

**DEN NORSKE KYRKJA**
**Aukra sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

# SAKSUTGREIING

**Utval:** **Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)**
**Møtedato:** **Torsdag 19. september 2024**
**Møtetid** **18.05**
**Møtestad:** **Møterommet på Kyrkjelydshuset**

## Sak 70/24 Økonomirapport pr. 01.09.24

Hovudtal pr. 01.09.24:

### Utgifter

| Hovudpost | Forbruk pr. 01.09.24 | Årsbudsjett forbruk 2024 | Forbruk i % av årsb. | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|
| 1000 Administrasjon | 633 366 | 1 655 000 | 38 % | – Sum løn og godtgjersler inkl. sos. utg. er 46% pga. vakanse i kv.still. Innsparing ca. 200 000<br>– Leige av lokale er ikkje belasta. Var 350 000 i 2023. Bør aukast til 400 000 i 2024. |
| 2000 Kyrkja | 736 254 | 2 017 000 | 37 % | – Sum løn og sos. utg er 36 % pga. vakant kantorstill. Innsparing ca. 250 000<br>– Vedlikehald kyrkja om lag 200 000 ubrukt. Meint til utv. Måling. *Bør overførast til 2025*<br>– Avskrivingar på 170 000 (utgift) er førebels ikkje ført |
| 2100 Kyrkjeleg aktivitet | 174 800 | 569 000 | 31 % | – Sum løn og sos. utg. er 6 % grunna vakant trusoppl.still. Dekkast av tilskott frå bisped. *Tilskotet vil bli redusert tilsv. i 2025 slik at tilskotet for 2024 bør overførast til 2025.* |
| 3000 Kyrkjegarden | 605 093 | 754 000 | 80 % | – Samla lønsutgifter utgjer 71 % av årsbudsjettet pga. mykje ekstrahjelp/ sommarhjelp.<br>– Drift av maskinar + vedlikehald ky.gard viser samla meirforbruk på om lag 80 000 pga. maskinreparasjonar og høg sommaraktivitet. |
| 4000 Kyrkjelydshus | 267 149 | 696 000 | 38 % | – Samla løn og sos. utg. er 87 % av årsbudsj.<br>– Vedlikehald har eit overforbruk på om lag 20 000 pga. ekstra handverkartenester mv.<br>– Avskrivingar (utgift) på 369 000 er ikkje ført |
| **Sum** | **2 416 662** | **5 691 000** | **42 %** | **Samla periodisert mindreforbruk etter 8 mnd. er om lag 1 400 000** |

## Inntekter

| Hovudpost | Inntekt pr. 01.09.24 | Årsbudsjett inntekt 2024 | Inntekt i % av årsb. | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|
| 1000 Administrasjon | 2 488 284 | 3 760 000 | 66 % | – Komm. tilskot utgjer det meste av inntekta og er i rute |
| 2000 Kyrkja | 144 418 | 456 000 | 32 % | – Avskrivingar (utgift) på 170 000 er ikkje ført |
| 2100 Kyrkjeleg aktivitet | 404 467 | 422 000 | 96 % | – Tilskot til trusopplæring er innvilga i høve til utgiftene i 2023. |
| 3000 Kyrkjegarden | 95 928 | 120 000 | 80 % | – Festeavgiftene for 2024 overstig budsjettet<br>– Avskrivingar (motpost) er ikkje ført |
| 4000 Kyrkjelydshus | 117 749 | 853 000 | 14 % | – Husleigeinntekter frå kontor- og garasjedelen på 400 000 er ikkje ført.<br>– Leigeinntekter ved utleige ligg over budsjett<br>– Avskrivingar (motpost) er ikkje ført |
| **Sum** | **3 250 846** | **5 611 000** | **58 %** | **Samla periodisert mindreinntekt etter 8 mnd. er om lag 490 000** |

Generelt har soknet god økonomi og god likviditet pr. 01.09.24. Vakanse i stillingar har ført til vesentleg mindreforbruk på lønspostane, samtidig som større vedlikehald på kyrkja ikkje har kome i gang. Nokre midlar er omdisponert til naudsynte investeringar i kyrkja og på Kyrkjelydshuset, men i hovudsak bør innsparingane overførast til 2025 for å dekke tiltak som ikkje blei gjennomførte i 2024.

Ein må vere merksam på følgjande større utgifter som kjem i siste del av 2024:

- Skap i sakristiet og våpenhuset, samt utemøblar frå Bygg og Data: ca. kr. 100 000
- Kjøleskap, solskjerming mv. i Kyrkjelydshuset: kr. 70 000
- Reparasjon eller utskifting av varmepumpa i Kyrkjelydshuset: kr. 100 000 (?)

Det vil vere ønskeleg å overføre midlar til 2025 til heil eller delvis dekking av følgjande tiltak:

- Reparasjon av vindauga og malingflekking av ytterveggane i kyrkja: 1 000 000
  (det var sett av kr. 250 000 i driftsmidlar og 300 000 i investeringsmidlar for 2024 som ikkje er brukt. Det bør i tillegg søkast midlar frå *Bevaringsprogrammet for kulturhistorisk verdifulle kirker*.)
- Andre investeringar i kyrkja (t.d. belysning i koret og lukeopnarar i tårnet): 100 000
- Tilskot til trusopplæring (vil bli redusert pga. låg aktivitet i 2024): 300 000
- Planlegging og opparbeiding av minnelund på kyrkjegarden: 200 000
- Jubileumsmarkering av påskeliljemarka 300 år og kyrkja 190 år. Ein vil søke kommunen om mest mogeleg kulturmidlar, men må rekne med å bruke nokre eigne midlar.

**Forslag til vedtak:**

Aukra SFR tek økonomirapporten pr. 01.09.24 til vitande.

| Ansvar | | Art | | Funk-sjon | Rekneskap 03.09.24 | Budsj. inkl. endr. 2024 | Forbruk i % | Avvik i NOK | Rekneskap 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | | |
| 1000 | Administrasjon | 30100 | Løn i faste stillingar | 041 | 35 308 | 680 000 | 5 % | -644 692 | 459 104 |
| 1000 | Administrasjon | 30104 | Søn- og helgedagstillegg | 041 | 242 | 0 | | 242 | 775 |
| 1000 | Administrasjon | 30200 | Vikarløner | 041 | 284 168 | 0 | | 284 168 | 306 809 |
| 1000 | Administrasjon | 30300 | Ekstrahjelp | 041 | 2 141 | 0 | | 2 141 | 0 |
| 1000 | Administrasjon | 30504 | Honorar | 041 | 0 | 0 | | 0 | 20 000 |
| 1000 | Administrasjon | 30800 | Godtgjersle folkevalte | 041 | 82 538 | 120 000 | 69 % | -37 462 | 49 000 |
| 1000 | Administrasjon | 30900 | Pensjonsutgifter | 041 | 10 886 | 109 000 | 10 % | -98 114 | 87 824 |
| 1000 | Administrasjon | 30902 | Gr./ulykkesfors. avg. pliktig | 041 | 0 | 0 | | 0 | 830 |
